

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Deres ref:
Vår ref: 2014/182220
Dato: 09.09.2014
Org.nr: 985 399 077

Att. Hansen Erlend Støle

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



HØRING KJÆKANELVA KRAFTVERK I KVÆNANGEN KOMMUNE I TROMS - VANNVERK BERØRT

Mattilsynet forvaltar Matlova og drikkevannsforskrifta. Vedtaksmyndighet og insigelses-myndighet er deligert til distriktskontora.

Mattilsynet uttaler seg i denne saka på grunn av Kjækan Vannverk som har Kjækanelva som einaste vannkilde. Kjækan vv forsyner 13 boliger og 10 fritidsboliger, tilsaman ca 80 personer i tillegg til skulen.

Vannverket er ikkje så stort, men for den enkelte abonnent er det like viktig som eit større vannverk. Råvannskvaliteten er svært bra. Det er sandfilter ved inntaket. Ingen desinfeksjon.

Som det går fram av kraftverksplanane, vil det bli ein del graving like ved elva. Ein må rekna med at dette fører til auka partikkel-belastning i vatnet, som søker også skriv. Der det er bratt terreng blir faren forsterka.

Søker skriv også at mindre vannføring, vil gi mindre uttynningseffekt i forhold til forurensing. Dette kan vi rekna med å sjå i forhold til den bakteriologiske kvaliteten som følger av rein som beiter og anna dyreliv.

Installasjon av UV-anlegg i vannverket har vore diskutert, men står ikkje øverst på prioriterings-lista i den samla planen for oppgradering av vannverka i Kvæningen.

UV-anlegg er svært sårbare for partiklar og farge i vatnet. Det må vera høg nok UV-transmisjon for at eit UV-anlegg skal fungera. UV-anlegg er gode desinfeksjonsanlegg når UV-transmisjonen er bra. Men når det er mykje partiklar eller uklarhet i vatnet, kan ein risikera at det ikkje virker særlig godt.

Konklusjon:

Skal utbyggjinga gjennomførast, bør det **før** oppstart av kraftprosjektet, skaffast alternativt drikkevann med den same kvaliteten og leveringssikkerheten som Kjækanelva, for abonnentane til Kjækan vannverk. Eventuelt må det gjerast tiltak som sikrar vannkvaliteten og leveransen frå før oppstart og så lenge anleggsvirksomheten har innvirkning på råvannskvaliteten, men det er kanskje ikkje så lett. Tiltak som krev ekstra kompetanse og personalresursar eller andre resursar bør utbyggjer ta ansvar for.

Kvænangen er ein liten kommune og har allerede brukt forholdsvis store resurser på utfordringar i forbindelse med utbyggjing av kraftverk i kilden til eit vannverk. Dette vannverket har ennå ikkje oppretta den same sikkerheten for kvalitet og levering som det hadde før inngrepa begynte og vil fortsatt kreva ekstra oppfølging.

Med hilsen

Astrid Einevoll